



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/21502-4

Dykkar referanse:
15/2754 – 17/7449

Vår dato:
16.10.2017

Merknad til reguleringsplan for Mjåtveitstø – gnr. 22 bnr. 13 m.fl. – Meland kommune

Vi viser til reguleringsplan for Mjåtveitstø, gnr. 22 bnr. 13 m.fl. i Meland kommune, sendt på offentlig ettersyn 29.08.2017. Formål med reguleringsplanen er å legge til rette for bygging av 16 bustader på området.

Planområdet er del av eit større bustadfelt, B8, og grenser til område B9 i kommuneplanens arealdel. Begge områda er avsett til framtidige bustadområder med høg grad av utnytting.

Bakgrunn

I vår uttale til oppstartsvarsel for planarbeidet bad vi om at planområdet vart utvida til og med kryss med fv. 564 Rosslandsvegen, slik at det vart sikra areal til ei betre trafikal løysing i krysset. Dagens kryss vart utbetra for nokre år sida, og ein tok då høgde for eksisterande reguleringsplanar. Ved auke i bustadmassen vil ein nå eit punkt der det vert trafikale utfordringar på fylkesvegen.

Om planforslaget

Forslagsstiller har ikkje teke vårt krav til følgje, og grunngir det med at det ikkje står i forhold til utbyggingas omfang på 16 einingar. Administrasjonen i kommunen stetter dei, og viser til at slike omfattande rekkjefølgjekrav burde vore spelt inn i samband med revisjon av kommuneplanens arealdel.

Statens vegvesen deler ikkje kommunen sitt syn på dette, men viser til at rekkjefølgjekrav normalt kommer frem ved ein konkret vurdering av kvart planområde, der ein òg vurderer aktuell tilkomst og andre rekkjefølgjekrav.

I denne saka vurderer vi at ein er i grenseland for å sette krav til tiltak, og etter ei konkret vurdering kan vi akseptere at desse 16 bustadene kan byggast utan rekkefølgjekrav. Det er ei klar føresetnad frå vår side at ved vidare utbygging i området må dei trafikale tilhøva vurderast på nytt. Vidare vil Statens vegvesen vil oppmode Meland kommune om å syte for ei samla plan for resten av bustadområda B8 og B9, slik at ein kan sikre god og trygg infrastruktur for heile området. Når områda deles opp i mindre planer, slik ein ser i denne saken, er det krevjande å sikre at alle bidreg til å etablere gode felles løysingar.

Om vegstatus og tilkomst til området

I plandokumenta omtales Mjåtveitmarka og Mjåtveitstø som offentlege veger. I våre kart er dei vist som privateigd. Vi ber kommunen avklare kven som er aktuell vegeigar. Viss vegane er privateigd bør ein sikre tilkomst til området gjennom føresegna, elles vil ein måtte søke om utvida bruk av avkjørsla frå fylkesvegen før tiltak i planområdet, jf. veglova §40–43.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN